

MØTEPROTOKOLL – REPRESENTANTSKAPET I SKNG

Møtedato	Tid	Møtestad
Torsdag 18. september 2024	Kl. 0900	Regionkontoret

Til stades på møtet:

Medlemmer: Edel Kveen (Skjåk), Kristian Frisvold (Lom), Monica Håskjold Eide (Sel), Aud Gjorwad (Dovre) og Oddvar Romundset (Lesja).
Varamedlemmer:
Forfall: Repr. for Vågå kommune
Andre: Kai Ove Riise, Sel kommune (vertskommune).

Saker som vart handsama:

Sak 8/24 Rekruttering av sekretariatsleiar

Andre opplysningar:

Møteinnkalling: 13.09.2024
Møteleiar: Edel Kveen
Referent: Kai Ove Riise, Sel kommune

Underskrifter:

Vi stadfester med underskriftene våre at det som er ført i saksnummer 8/2024 er i samsvar med det som vart vedtatt i møtet.

**Utskrift av protokoll til:**

Medlemmer og varamedlemmer i representantskapet for SKNG.
Ordførar, kommunedirektør og kontrollutvalsleiar i kommunene Lesja, Dovre, Sel, Vågå, Lom og Skjåk.

Møtedato:	Journalnr.:	Saksnr.:	Saksbehandler/referent:
18.9.2024	272 /24	8/2024	Kai Ove Riise, Sel kommune

Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste godkjent.

Møteleiar Edel Kveen og Kristian Frisvold vart valgt til å skrive under protokollen.

Sak 8/24 Rekruttering av sekretariatsleiar

Saksutgreiing

Hilde Holden har sagt opp si faste stilling som sekretariatsleiar. Elin Marit Andgard har fungert i vikariat. Stillinga vart lyst ut i august med søknadsfrist 08.09.24.

Det var i alt fire søkjarar. Tre av desse vart funne så godt kvalifisert at dei vart invitert til intervju. Den siste hadde ikkje tilstrekkeleg relevant formalkompetanse, men kunne truleg kompensert det gjennom realkompetanse, men sidan tre av søkjarane hadde relevant formalkompetanse, vart desse valgt.

Etter intervjua valgte tilsettingsutvalet å innstille to søkjarar.

Handsaming

Eit eige notat med vurdering av den einskilde søkjaren vart gjennomgått i møtet. Tilrådinga frå tilsettnsutvalet vart samrøystes vedtek.

Vedtak

Elin Marit Andgard får tilbud om fast stilling som sekretariatsleiar i 100% stilling frå 01.10.24.